

Notat 6/2005

Finn Ove Båtevik

Brukaval – vegen å gå?

Om erfaringar med brukaval ved utveljing av program
for skulekonsertar



HØGSKULEN I VOLDA



2005

Prosjekttittel	Brukarval — vegen å gå?
Prosjektansvarleg	Møreforsking Volda
Finansiering	Møre og Romsdal fylkeskommune og Rikskonsertane
Forfattar	Finn Ove Båtevik
Ansvarleg utgjevar	Møreforsking Volda
ISSN	0805-8075
Distribusjon	<p>http://www.moreforsk.no/volda.htm</p> <p>http://www.hivolda.no/fou</p> <p>Gnist Møre Volda, P.B. 278, 6101 Volda</p> <p>Tlf. (ISDN): 70 07 53 85. Faks 70 07 53 86</p> <p>E-post: sfsbok@hivolda.no</p>

Notatserien er for ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, foredrag, artikkellutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Spreiinga går i hovudsak til fagmiljøet i Volda, til eksterne fagmiljø og personar som forfattar(ar) ønskjer kommentarar frå. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid.

Forord

Rikskonsertane og Møre og Romsdal Fylke ved Kulturavdelinga, gjennomfører eit forsøk som går ut på at skulane skal ha høve til å velje kva for skulekonsertar dei sjølve ønskjer å få besøk av. Målet er å skape større engasjement og aktivitet både før, under og også etter arrangementa. Møreforsking Volda har hatt i oppdrag å oppsummere erfaringane etter at forsøket har vore prøvd i eitt år.

Dette notatet gjev såleis eit bilete av erfaringane frå første året med brukarval for skulekonsertar. Det gjev ei oppsummering av notatet *Brukervalg av skolekonsertprogram*. Vidare oppsummerar det erfaringane Rikskonsertane gjorde seg gjennom ei spørjegranskning blant elevar og personale på ti skular som har hatt besøk av konsertane *Feledans* og *Louisiana Saturday Night*. Notatet byggjer også på erfaringane til kulturkontaktane ved dei ti skulane, slik dei vurderer det i etterkant av konsertane.

Både underteikna og Grethe Mattland Olsen, som hadde ansvar for første delen av prosjektet frå Møreforsking Volda si side, takkar for oppdraget og for eit svært positivt samarbeid med Rikskonsertane og Møre og Romsdal Fylke.

Volda, august 2005

Finn Ove Båtevik
prosjektleiar

Forord	3
Brukaval – vegen å gå?	7
Grunnlag.....	8
Erfaringar frå kulturtorget	8
Når elevane får kome til orde	9
Når personalet vurderer konsertpogrammet	11
Når kulturkontaktane oppsummerar	12
Ein lang veg å gå?	13
Referansar	14

Brukaval – vegen å gå?

Sidan 1968 har Rikskonsertane vore produsent og leverandør av skulekonsertprogram i heile landet. Vanlegvis har konsertane vorte valde ut av produsentane til Rikskonsertane og musikkprodusentane i fylket.

I 2004 blei Møre og Romsdal valt som prøvefylke for eit forsøk der kommunar og skular har fått medråderett i valet av program for skulekonsertar. Dette skal gje kommunane og skulane hove til å velje program som passar inn i lokale læreplanar og årsplanar. Brukarval i skulekonsertordninga er ein del av den såkalla *Kulturnista i Møre og Romsdal*. Dette er ei abonnementsordning for å sikre elevar ulike former for kunst- og kulturopplevingar, som ein del av den nasjonale satsinga *Den kulturelle skulesekken*. Heile kulturnista er basert på brukaval. Årleg blir det arrangert eit Kulturtorg der om lag 400-500 personar møtest for å oppleve aktuelle kulturtildelinger. Deltakarane på Kulturtorget representerer brukarane i skulane. Når brukaval blir nytta i skulekonsertordninga, er dette eit forsøk på å lage like vilkår for utveljing for alle kunstartar i *Kulturnista i Møre og Romsdal*.¹

Brukaval og brukarmedverknad er etterkvart velkjende omgrep. Omgrepa byggjer på ein tanke om at ein ønskjer å myndiggjere dei som manglar makt til å påverke eigen situasjon, gjerne knytt til svakstilte grupper som barn, ungdom, eldre, funksjonshemma osb. (Askheim 2003). Det er sentralt at brukarane har kontroll og styring over dei tenestene dei mottek. Ideologisk heng tankegangen saman med utviklingstrekk der individtenkinga har ein sterk plass.

Brukaval ved utveljing av program for skulekonsertar, kan plasserast i ein slik samanheng. Det er snakk om brukarmedverknad på systemnivå, der interessene blir tekne vare på av representantar for brukarane. Konkret er dette organisert slik at lærarar som er utpeikt som kulturkontaktar ved kvar skule, kan vere med å påverke programmet for skulekonsertar som skal setjast opp i komande sesong. Dette kan til dømes skje gjennom eigne kulturtorg, der ulike artistar får presentere eige program, slik tilfellet er i Møre og Romsdal. Det kan også vere organisert gjennom rådgjevande programutval.

Møreforsking deltok på *Kulturtorget i Molde* i januar 2004. I samband med dette blei det gjennomført ei spørjeundersøking blant representantar for ungdomssteget i grunnskulen. Resultata frå denne undersøkinga er presenterte i ein eigen rapport (Olsen 2004). Funna frå denne undersøkinga blir også kort oppsummerte i notatet du no les. Vidare skal vi oppsummere tilbakemeldingane frå i alt ti skular som seinare fekk presentert to av konsertane frå kulturtorget, *Feledans* og *Louisiana Saturday Night*.

Spørsmålet som vi tek sikte på å svare på, er om brukaval har betydning ved utveljing av program for skulekonsertar, og eventuelt på kva måte? Er dette ein framgangsmåte som gjer at skulekonserten kan bli meir aktivt brukt på skulane, til dømes gjennom tverrfaglege prosjektarbeid? Også andre spørsmål som har vore aktuelle i forhold til ordninga med brukaval, som til dømes kva informasjon som når ut til skulane, blir teke opp. Desse

¹ <http://www.kultursekk.no/>

spørsmåla vil bli drøfta både i forhold til dei forventingane representantane frå skulane som deltok på *Kulturtorget i Molde* i 2004 gav uttrykk for, og i forhold til dei erfaringane ein gjorde seg ved skulane i samband med konsertane. Her kan ein både seie noko om korleis konserten blei motteken og kva skulen gjorde ut av tilboden dei fekk gjennom konserten.

Grunnlag

Denne presentasjonen byggjer for det første på notatet *Brukervalg av skolekonsertprogram*. Notatet viser kva for arrangement skulane ønskte, kvifor dei ønskte nettopp desse og kva effekt ein såg føre seg at arrangementet kunne ha lokalt på skulane. I tillegg kjem erfaringane knytt til dei konsertane som faktisk er gjennomførte ved skulane hausten 2004 og våren 2005. I Møre og Romsdal gjeld dette *Feledans* og *Louisiana Saturday Night*. *Feledans* turnerte hausten 2004, medan *Louisiana Saturday Night* turnerte våren 2005. I samband med dette var representantar frå Rikskonsertane og Kulturavdelinga i fylket til stades på nokre av desse konsertane. Det var utarbeidd eigne spørjeskjema både til elevar og til personalet ved skulane. Desse vart delte ut under besøket. I tillegg fekk nokre skular tilsendt skjema. Dette gav i alt svar frå ti skular, fem som hadde hatt besøk av *Feledans* og fem som hadde hatt *Louisiana Saturday Night* på vitjing. Det kom inn svar frå elevar ved alle dei ti skulane, medan det manglar svar frå personalet ved ein av skulane (*Feledans*). I alt gav dette svar frå 715 elevar og frå 34 av personalet. Møreforsking Volda har hatt tilgang til aggregerte tal frå denne undersøkinga, og analysane våre er baserte på desse. Til sist blei kulturkontaktane ved dei ti skulane oppringde for å gje ei kort oppsummering av dei erfaringane dei hadde gjort ved kvar skule.

Erfaringar frå kulturtorget

Undersøkinga frå kulturtorget er basert på erfaringar frå i alt seks konsertprogram. Kulturkontaktane vart utfordra til å vurdere konsertane via eit spørjeskjema. Av konsertane var det tre som var vurdert som langt meir interessante enn dei andre. Konsertane *Feledans* og *Louisiana Saturday Night* var blant desse tre. Nesten alle skulane ønskte å ha desse på konsertprogrammet sitt. Oppslutnaden skilte seg klart ut jamfört med dei tre konsertane som vart rekna som minst interessante. I vurderinga av konsertane var kulturkontaktane særleg opptekne av at dei representerte eit tilbod som ville appellere til ungdomsskuleelevar. Dei la vekt på at det skulle gje elevane ei musikalsk oppleveling og at dei kunne få oppleve dyktige musikarar.

Gjennom brukarval ønskjer ein frå Rikskonsertane og Fylket nettopp å skape eit tilbod som appellerer til ungdomsskuleelevarane. Men dette er likevel berre ei side ved målet. Tanken bak kulturtorget er også at konsertane skal fungere i ein større samanheng enn den musikalske opplevelinga i seg sjølv. Målet er at konsertane i sterkare grad skal vere knytte opp mot aktiviteten skulen står for elles. Det kan vere snakk om undervisninga i musikk gjennom skuleåret eller som ein del av tverrfagleg aktivitet. Vidare er ein også opptekne av at konsertane gjev grunnlag for at elevane sjølve kan delta i konserten.

Det som prega dei konsertane som var mest omtykte, var at dei i tillegg til at dei får positive tilbakemeldingar på dei musikalske kvalitetane, også skil seg ut frå dei andre konsertane i forhold til andre kvalitetar. Når det til dømes gjeld *Louisiana Saturday Night*, som var den mest populære av alle konsertane, var det meir enn 80 prosent som gav uttrykk for at konserten i middels eller stor grad gav grunnlag for tverrfagleg arbeid og grunnlag for føre- og etterarbeid. Samanlikna med konsertane som ikkje nådde opp, la kulturkontaktane også større vekt på andre forhold. Det at programmet kunne relaterast til musikkundervisninga i

ungdomsskulen og at det gav opningar for deltaking frå elevane si side i konserten, vart vurdert langt høgare for *Louisiana Saturday Night* enn for fleire av dei andre konsertane. Dette gjeld også dersom vi samanliknar vurderingane av *Feledans* i forhold til dei konsertane som var minst populære. Sett i eit slikt lys er det ei samla vurdering av kvalitetane, både dei musikalske og andre kvalitetar, som gjer at konsertane blir oppfatta som attraktive. Det at ein gjennom *Louisiana Saturday Night* la vekt på å presentere ein kultur og formidle historia om korleis eit folkeslag har kjempa for å halde på eigen identitet, var såleis viktige grunnar for at nettopp denne konserten fekk så god mottaking.

Undersøkinga viste også at kulturkontaktane sette stor pris på at dei kunne vere med å påverke kva konsertar som skulle kome til skulane deira. Dei trekkjer fram potensiale som ligg i dette tiltaket og ser heller ikkje at dette skal få uheldige konsekvensar:

- *Det er få som tror at konserttilbudet blir smalere dersom de får muligheter til å påvirke*
- *Flertallet stiller seg bak at påvirkningsmuligheter også vil påvirke engasjementet.*
- *Det er også mange som ser dette som en mulighet for å skape større engasjement om konsertene enten det gjelder å integrere konserttilbudet i undervisningen eller legge til rette før konsertene.*

Olsen 2004, 31

Utfordringane ligg i det å ta med seg det potensiale kulturkontaktane såg i konsertprogramma ut i skulen. Det er dette spørsmålet vi skal vurdere i resten av dette notatet.

Når elevane får kome til orde

Kulturkontaktane skal ta vare på interessene til elevane på Kulturtorget. Dei gav også gjennom sine svar uttrykk for at dei var opptekne av i kva grad konsertane ville ha appell hos ungdomsskuleelevane. Erfaringane som elevane har gjort seg gjennom konsertane og førebuingane til desse, kan gje svar på i kva grad oppfatningane til kulturkontaktane samsvarar med inntrykket elevane sit att med.

- Generelt gjev elevane uttrykk for ei positiv haldning til skulekonsertane.
- Når det gjeld informasjonen som går ut til elevane på førehand, synest det å vere potensiale for forbeting. Dette gjeld begge konsertane. Nærare halvparten av elevane opplevde at dei ikkje fekk informasjon på førehand. Ved ein av skulane var det heile 87 prosent av elevane som sa at dei ikkje hadde fått informasjon om konsertprogrammet. Dei som har fått informasjon, har stort sett fått det gjennom at lærarane har lese høgt frå den informasjonen som blei sendt ut på førehand. Det er likevel enkelte klassar som hatt diskusjon om innhaldet i konserten på førehand. Dette er etter alt å døme unntaka og ikkje regelen.
- Med varierande informasjon om konserten, kom også elevane til konsertane med varierande forventningar. Også med tanke på forventingane på førehand, er det lite som skil mellom erfaringane til dei elevane som opplevde *Louisiana Saturday Night* og elevane som opplevde *Feledans*. Det er derimot ein del skilnader frå skule til skule, men utan at desse er dramatiske.
- Sjølv om *Louisiana Saturday Night* var det konsertprogrammet som fekk best omtale av kulturkontaktane, blir konsertane vurderte nokså likt blant elevane. Godt over halvdelen av elevane likte konserten godt eller svært godt, medan få var negative. Sett under eitt kan dette tolkast som uttrykk for at kulturkontaktane langt på veg har treft

godt når dei har meint at dette vil vere konsertar som hadde appell til elevar i ungdomsskulen.

- Informasjon kan påverke forventningane. Mangel på informasjon gjev gjerne lite grunnlag for å ha spesielle forventningar. I alle høve er det så mange som ein av tre elevar som fekk ei anna oppleving enn kva dei hadde venta før konserten.
- Når det gjeld førebuingane til konserten, har elevane som hadde *Feledans* på besøk fått litt andre spørsmål enn dei som hadde *Louisiana Saturday Night* på besøk. Når det gjeld *Louisiana Saturday Night* opplevde dei fleste elevane at dei kom lite budde til konserten. Eit par skular skil seg likevel ut. På dei siste stadane hadde relativt mange fått formidla den informasjonen om konserten som blir sendt til skulane på førehand. I tillegg er det ein del elevar som har jobba meir aktivt med stoffet i timane. På ein av skulane har ein del av elevane også diskutert rasisme og kulturforskjellar i Louisiana og Sørstatane før konserten, og slik sett følt seg betre budde til konserten enn mange andre. Når det gjeld *Feledans*, synes aktiviteten på førehand å ha vore noko større. Om lag halvdelen av elevane som har sett *Feledans* har konkretisert kva former for førebuingar dei har hatt, medan om lag kvar fjerde elev som har sett *Louisiana Saturday Night* gjer det same.² Også blant dei som har sett *Feledans* har den viktigaste informasjonen for mange vore materialet som blei sendt ut på førehand.
- Det synest å vere ein viss samanheng mellom den informasjonen elevane får på førehand og det utbytet og den gleda elevane har av konserten. Dette kan lesast ut av tala som viser at elevane som har hatt besøk av *Feledans* både har fått meir informasjon på førehand og opplever at utbytet av konserten har vore større. Det er også ved den skulen der elevane i størst grad hadde fått informasjon på førehand, at elevane opplevde at dei hadde størst utbyte og glede av *Louisiana Saturday Night*. At det er ein slik samanheng er ikkje overraskande. Liten informasjon treng likevel ikkje alltid gå ut over opplevinga av konserten. Ved den skulen der elevane i minst grad opplevde at dei hadde fått informasjon om konsertprogrammet, var det likevel relativt mange av elevane som likte konserten godt.
- Elevane som følgde *Feledans* fekk spørsmål om dei gjennom konsertinformasjonen burde fått fleire forslag til korleis ein kunne førebu seg til konserten. Over halvdelen av dei som svara på dette spørsmålet, var positive til dette.
- I tillegg til det som skjer på førehand, kan elevane også trekkjast med i sjølve konserten. Det var berre elevane som hadde *Louisiana Saturday Night* på vitjing som fekk spørsmål om i kva grad dei hadde delteke i konserten på denne måten. Ingen av skulane hadde mange elevar som var direkte involverte i arrangementet. Knapt to av fem opplevde at elevane hadde vore involverte. Her er det store variasjonar mellom skulane. Medan det ved ein av skulane var så mange som tre av fem som opplevde at elevane var med å arrangere konserten, var det berre ein av fem som opplevde det same på ein av dei andre stadane. Det er ikkje mogleg å lese direkte ut frå talmaterialet om dette har påverka opplevinga av konserten. Det skal også seiast at for mange av dei elevane som var involverte i arrangementet, handla dette i stor grad om rydde- og bærhjelp. Det er såleis aktivitet som har lite med sjølve konsertopplevinga å gjere. I tillegg hadde kvar tiande elev vore trekt inn som vertskap for musikarane, medan enkelte også har vore med å introdusere konserten og musikarane for publikum.
- Slik ordninga med brukarval er i dag, der kulturkontaktane representerer brukarane, påverkar ikkje elevane sjølve konsertprogrammet. På spørsmål om elevane kunne tenkje seg å vere med å påverke programmet, ønskte fleirtalet dette. Samstundes var det så mange som ein av fire som er usikre i dette spørsmålet. Når relativt mange

² Litt ulike måtar å spørje på i dei to tilfellene, kan vere ei av forklaringa til forskjellane her.

ønskjer å kunne påverke valet av konserter, er grunngjevinga å sikre at elevane får konserter som dei ønskjer, med musikk som dei sjølve likar.

Når personalet vurderer konsertprogrammet

Det er relativt få frå personalet ved dei ulike skulane som har svara på spørjeskjemaet. Mengda av svar varierer også sterkt frå skule til skule. I overkant av kvart tredje svar kjem frå ein av skulane. Dette gjer at erfaringane frå denne skulen får mykje å seie for det samla inntrykket. Svara frå den aktuelle skulen, skil seg likevel ikkje sterkt frå svara frå dei andre skulane på vesentlege punkt.

Det er interessant å få fram synspunkt frå personalet, mellom anna fordi dei representerer ei anna gruppe enn dei som deltok på Kulturtorget i Molde 2004. Det er nemleg berre ein av dei 34 som har svara på skjemaet som også hadde vore med på å påverke konsertvalet gjennom deltaking på kulturtorget.

- Val av program er eit spørsmål som utelukkande har vore gjort av kulturkontakten eller administrasjonen ved skulane.
- Informasjon om dei to konsertane har også i første rekkje gått til kulturkontaktane, rektor og klasselærarar, i mindre grad til musikklærarar. Det er sjeldan at elevrådet blir informert. Det siste har berre skjedd ved ein av skulane, i følgje tilbakemeldingane frå personalet.
- Konsertinformasjonen blir kopiert opp og delt ut eller presentert munnleg. I ein del tilfelle får personalet ikkje informasjon om konsertane i det heile.
- Personalet gjev uttrykk for at det kjem lite respons på den informasjonen som blir gjeve om konsertane, men i den grad det er slik respons er den i hovudsak positiv.
- Når det gjeld førebuingane som var gjort før konsertane, understrekar svara frå personale svara frå elevane. Elevane førebudde seg i hovudsak ved at lærarane las konsertinformasjonen for elevane eller at elevane fekk lese denne informasjonen sjølve. Personalet synes også å vere nögde med dei forslaga til forarbeid som ligg i konsertinformasjonen, og etterlyser i liten grad fleire forslag på dette området.
- Når det gjeld førebuinga elles, opplever ein del at førebuingane har gjeve litt større utbyte av konserten. Det er likevel mange som ikkje har svart på dette spørsmålet, truleg fordi dei ikkje gjorde noko spesielt for å bu seg til konserten. Når det gjeld å førebu seg som konsertarrangør, handlar dette i første rekkje om praktiske forhold som å legge til rette konsertarenaen ved skulen, i liten grad i forhold til innhaldet i konserten. Det er underkant av kvar tiande som seier at arrangementet var forankra gjennom forarbeid i relevante fag. Det er også svært få som gjev tilbakemelding om at arrangementet har vore diskutert i timane på ein systematisk måte.
- Personalet frå skulane som hadde vitjing av *Feledans* fekk spørsmål om dei var klar over at konserten var ein del av opplegget med brukarval. Medvite om dette synest å vere lite blant dei tilsette i skulen. Berre ein av fem kunne stadfeste at dei visste om dette. Det er også ein god del usikkerheit om spørsmålet om personalet ønskjer at skulen skal vere med å velje ut skulekonsertar til Kulturnista i Møre og Romsdal. Dei som har teke stilling til spørsmålet svarer rett nok ja, men mange har ikkje teke stilling.
- Av kvalitetar ved å velje sjølv, trekkjer personalet fram at dette kan motivere til arbeid med innhaldet i programmet. Det er også relativt mange som ser at det å kunne vere med å velje sjølv kan gje eit sterkare eigarforhold til programmet og gjere at skulen

blir meir motivert for å tilpasse andre undervisningsplanar i forhold til arbeidet med programmet. Når det gjeld det å påverke motivasjonen for å drive tverrfagleg aktivitet, er responsen mindre, særleg ved dei skulane som har hatt besøk av *Louisiana Saturday Night*. Når det gjeld spørsmålet om å la elevane vere med å velje konsertprogram, er det ein del som er usikre. Dei som har gjort seg opp ei mening om dette spørsmålet er i all hovudsak positiv til ein slik tanke.

Når kulturkontaktane oppsummerar

Gjennom undersøkinga på kulturtorget fekk kulturkontaktane formidla oppfatninga om konsertane og opplegget med brukarval. Vi tok ny kontakt med kulturkontaktane ved dei ti skulane der elevane og personale frå skulane hadde svart på spørjeskjema. Dette for å få ei vurdering etter at konsertane var gjennomførte og erfaringane oppsummerte. Ved enkelte av skulane kom også musikklærarane med supplerande opplysningar. Alle opplysningane vart samla inn per telefon. Erfaringane er naturleg nok langt på veg i samsvar med fleire av dei funna i elev- og personalsvara. Hovudinntrykket er at tilbodet ikkje var vurdert som noko som skilde seg frå andre konsertar. Ein av skulane som hadde hatt *Feledans* på programmet, oppsummerar dette slik:

Det var ikkje noko spesielt med denne konserten. Opplegget var omtrent som det har vore før. I kva grad det blir gjennomført noko forarbeid varierer frå konsert til konsert og frå lærar til lærar. Denne konserten var sett på lik line med alle andre konsertar. Musikklærarane får tilsendt materiale på førehand og tek det opp med elevane i timen. Det har heller ikkje vore arbeidd tverrfagleg i samband med konserten.

Elevsvara frå denne skulen speglar gjennomsnittet for dei svara som kom inn frå elevar som hadde sett *Feledans*. Erfaringane frå denne skulen, er langt på veg samanfallande med erfaringar andre skular har gjort.

Når det gjeld spørsmålet om å bruke konsertane meir aktivt i forhold til det ein arbeider med i skulen elles, er dette i dei fleste tilfelle avhengig av at den aktuelle konserten passar inn i det opplegget som allereie er lagt for skuleåret. Det er fleire døme på at lærarar har brukt konserten aktivt, fordi den har passa inn i eit tema dei var i gang med. Situasjonsrapporten frå ein av skulane som hadde vitjing av *Louisiana Saturday Night* peikar på at ein ikkje planlegg med utgangspunkt i kva konsertar som er aktuelle:

Ein har jobba på same måte som elles med denne konserten. Musikklærarane grip tak i den informasjonen dei får på førehand og snakkar gjerne litt ekstra om musikktypen, kva som kjenneteiknar den og liknande. Dette skilde seg i dette tilfelle ikkje ut frå det ein elles gjer. Det var likevel slik at ein av klassane på førehand hadde arbeidd med eit samfunnsfagprosjekt om USA. Det var tilfeldig. Det er eit fast opplegg som er knytt til åttande klasse ved skulen. Det ein gjorde, når programmet blei kjent, var å legge inn litt ekstra innsats i forhold til å tilpasse opplegget til temaet for konserten.

Kulturkontaktane ser veldig positivt på å kunne vere med på *Kulturtorget*. Fleire er også medvitne om dei utfordringane som ligg i å ta med seg erfaringane vidare inn i skulen.

Å delta på Kulturtorget er til stor inspirasjon for dei som deltek, men også ei form for ego-tripp. Det kan vere vanskeleg å formidle opplevingane inn mot lærarane. Kulturkontaktane i kommunen samlar seg for å bli samde om kva program ein ønskjer seg. Sjølv om ein ikkje alltid får ønskja oppfylte, får ein større eigarforhold til konsertane. Informasjonen til lærarane går stort sett i form av den informasjonen som blir sendt ut på førehand. Denne måten å organisere konsertane har ikkje ført til store, men likevel til nokre endringar.

Skal ein knyte konsertane tettare inn i skulekvardagen, ikkje minst i dei planane som blir lagde, ser det ut til at dei fleste har kome kort.

Det er veldig nyttig å delta på kulturtorget. Vi har ei samling i etterkant for å drøfte kva som er aktuelt å sette opp, saman med representant for kommunen. Vi veit kva det er snakk om når vi får informasjon om konsertane og kan informere vidare til lærarane. Informasjon er såleis eit nøkkelord og ein er betre budde til konserten slik sett. Likevel blir det ikkje arbeidd på nokon spesiell måte i forhold til desse konsertane. Behovet ligg i å kunne legge det inn i halvårsplanane, slik at lærarane er medvitne om det og kan utnytte det i fagleg samanheng. Dette er ikkje gjort i særleg grad no. Det blir lett slik at ein synest det er positivt at ein skal ha konsert, men det blir ikkje gjort noko meir ut av det.

Erfaringane skulane har gjort seg viser at vurderingane er avhengige av korleis skulane brukar det potensiale som ligg i det tilbodet *Kulturtorget* representerer. Dette var særleg tydeleg ved ein av skulane som hadde hatt *Louisiana Saturday Night* på programmet:

Skulen er veldig godt nøgde med tilboden. Konserten er nok av det beste dei har hatt. Kulturtorget er svært viktig og gjev skulane grunnlag for å planlegge. Konserten vart for ei av klassane knytt til undervisning i samfunnsfag, geografi, der tema var USA, det kreolske folket og USA. Elevane var godt førebudde og kjende seg godt igjen i konserten. Det at skulen hadde hatt ein representant på Kulturtorget i Molde gjorde at ein har hatt god tid til å førebu seg på kva som kom. Slik sett har Kulturtorget spelt ei svært viktig rolle.

Elevsvara frå same skule speglar i alle fall eit stykke på veg inntrykket kulturkontakten gjev uttrykk for. Dette var mellom anna den skulen der elevane følte seg best førebudde til konserten, først og fremst ved at dei hadde lytta til cajun-musikk eller gjennom å drøfte rasisme og kulturskilnader i Louisiana og dei amerikanske Sørstatane på førehand.

Ein lang veg å gå?

Med tanke på ein del detaljar kan nok inntrykket frå personale sine tilbakemeldingar skilje seg litt frå dei erfaringane elevane har gjort seg med skulekonsertane. Det same gjeld når vi i siste runde snakka med kulturkontaktane. Hovudtrekka peikar likevel i same retning. Konsertane får i stor grad preg av å vere enkelthendingar som i liten grad er knytt opp til fagleg aktivitet elles i skulen. Føresetnadane for at konsertane skal bli brukte aktivt i den faglege aktiviteten, er at konsertprogrammet passar med det som alt står på timeplanen. Slik sett er det lite som peikar i retning av at brukarval i seg sjølv er nok til at skulekonsertane blir meir aktivt brukt i skulane, slik ambisjonane har vore.

Ser vi tilbake til dei svara som kom inn frå dei som deltok på *Kulturtorget i Molde* i 2004, var det mange som la vekt på den musikalske opplevinga og den appellen konsertane kunne ha hos elevane. Det var også fleire som såg at konsertane hadde eit potensiale, til dømes med tanke på å integrere konsertane i større grad i undervisninga. Dette potensiale blir i liten grad utnytta. For at ein i heile tatt skal utløyse noko av det potensiale som ligg i ordninga, vil det vere avgjerande at erfaringane frå Kulturtorget i større grad når ut til den enkelte lærar og den enkelte elev. Fleire av dei tilbakemeldingane vi har fått, legg vekt på at engasjementet rundt konserten er avhengig av lærarane. Når kulturkontaktane deltek på konsertane som blir presentert på Kulturtorget, gjev dette førstehandsinformasjon om aktuelle skulekonsertar. Når konsertane på skulane likevel får preg av å vere enkelthendingar, der ein i liten grad lukkast å forankre konsertane i relevante fag og å skape aktivitet rundt desse i timane før og etter konserten, kan dette skuldast at koplinga mot det utøvande nivået i skulen er for svak. Det er påfallande at musikklærarane i liten grad synest å vere informerte om konsertane ut over den ordinære informasjonen som blir sendt til skulane. Det same gjeld truleg for andre faglærarar som kunne vere aktuelle med tanke på å integrere tema frå konserten i undervisninga. Utfordringa ligg i å få kulturkontaktane i større grad til å fungere som ein bindelekk mellom kulturtorget og lærarane.

Det vil truleg vere nyttig å gå inn på ulike sider ved rolla til kulturkontaktane. Relevant informasjon i god tid kan vere eit stikkord. Det å arbeide for å integrere aktuelle konsertar når planane for året eller halvåret blir lagt, kan vere eit anna.

I forhold til dei erfaringane som ein har gjort, er også tid eit viktig stikkord. Ordninga med brukarval ved utveljing av program for skulekonsertar er ny. Det å ta ut potensiale i ordning vil kunne ta tid i seg sjølv.

Referansar

- Askheim, Ole Petter (2003). *Fra normalisering til empowerment. Ideologier og praksis i arbeid med funksjonshemmede*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
Olsen, Grethe Mattland (2004). *Brukervalg av skolekonsertprogram*. Notat. Volda: Møreforsking Volda.

Finn Ove Båtevik

Brukaval – vegen å gå?

Om erfaringar med brukaval ved utveljing av program for skulekonsertar

Notatet *Brukaval – vegen å gå? Om erfaringar med brukaval ved utveljing av program for skulekonsertar* er utarbeidd på oppdrag frå Rikskonsertane og Kulturavdelinga i Møre og Romsdal Fylke. Bakgrunnen for notatet er at Møre og Romsdal er valt som prøvefylke for eit forsøk der kommunar og skular har fått medråderett i valet av program for skulekonsertar (brukaval). Notatet oppsummerer i hovudsak to undersøkingar. For det første gjeld det ei undersøking Møreforsking gjennomførte under *Kulturtorget i Molde* i januar 2004. For det andre dreiar det seg om ei undersøking gjennomført av oppdragsgjevarane sjølve. Denne føregjekk i samband med at to av dei konsertane som blei presenterte på Kulturtorget, kom på besøk til skulane. Her er det snakk om ei undersøking basert på tilbakemeldingar frå i alt ti skular.

Notatet konkluderer med at brukaval i seg sjølv ikkje er nok til at skulekonsertane blir meir aktivt brukte i skulane, slik ambisjonane har vore. For å kunne utløyse noko av det potensiale som ligg i ordninga, vil det truleg vere avgjerande at ein er meir medvitne om å sikre at erfaringane frå Kulturtorget i større grad når ut til den enkelte lærar og den enkelte elev enn kva som har vore tilfelle så langt.